

[Sidestolpetittel]



Dato: 25.6.2018

Saksnr.: 2018/50

L.nr.: 14099/18

Vedtekter for Kraftfond Møsstrond

Vedtektene er vedtekne av kommunestyret i Vinje
12.05.2016 med godkjenning av Fylkesmannen i
Telemark 15.06.2016 og endring i kommunestyret i Vinje
31.05.2018 med godkjenning av Fylkesmannen i
Telemark 18.06.2018

VEDTEKTER FOR KRAFTFOND – MØSSTROND

Vedtektene er vedtekne av kommunestyret i Vinje 12.05.2016 med godkjenning av Fylkesmannen i Telemark 15.06.2016 og endring i kommunestyret i Vinje 31.05.2018 med godkjenning av Fylkesmannen i Telemark 18.06.2018.

§1 Heimel

Vedtektene er gjevne med heimel i Rundskriv H-1/ 11frå Kommunal- og regionaldepartementet og erstattar også tidlegare Reglar for Møsstrond bustadfond av 17.mars 1950 med endringar.

§2 Fondets midlar

- **Fondskapitalen: Kraftfond - Møsstrond (heretter kraftfondet) utgjer i dag av 25 millionar kroner innbetalt av Øst-Telemarkens brukseierforening i medhald av pkt 2 i konsesjonsvilkåra for regulering av Møsvatn, oppretta ved Kongeleg resolusjon av 13.februar 2015.**
- **Avkastning:**
 - Renter og annan avkastning av fondskapitalen, sjå kulepunkt over.
 - Del av konsesjonsavgiftene knytt til 1942-reguleringa stadfesta i 1948. Det utgjer eit kraftgrunnlag på 50 115 naturhestekrefter og fondet skal ha 22,5% av dette jmf. vedtak i formannskap 55/95.
- **I dei åra det er driftsoverskot i Kraftfond-Møsstrond (etter at alle kostnader inkl. kostnader til administrasjon av fondet og summen for å oppretthalde fondets verdi er medrekna) skal dette avsetjast i eit bunde fond som skal nyttast til investeringar i mobildekning, elforsyning, nettilgang og DAB. Denne prioriteringa kan fråvikast om det kjem statlege/regionale midlar.**

Midlane som her er omtalt skal disponerast i samsvar med vedtektene.

§ 3-1 Føremål

Avkastinga av kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål og kommunale og private fellestiltak på Møsstrond. Det geografiske verkeområdet er bruk og andre faste busetnader som har gards- og bruksnummer knytt til reguleringserstatningar, med tillegg av Skindalen og Nordli. Det er ein føresetnad for tilskot at søkjaren har organisasjonsnummer og er rekneskapspliktig. Det kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmidlar i området. Fondskapitalen kan i særskilde høve nyttast på same måte som avkastninga.

§3-2 Bruk

Fellestiltak som kvart år kan få støtte frå fondet er mellom anna:

- Felles snøskuterløype og snøskuterveg.
- Felles lagerbygg/sanitæranlegg på Varland.
- Tiltak som kan styrke busetnaden på Møsstrand skal prioriterast.
- Tilskot til private vegar i samsvar med kommunale føresegner.
- Frakttilskot til større investeringar i næringsverksemd (landbruk og andre næringar) for fast busette som bur og driv næring veglaust. Det er ein føresetnad for tilskot at søkjaren har organisasjonnummer og er rekneskapspliktig.
- Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekkje dagleg drift av kommunen. Unntak er kostnadar til administrasjonen i Vinje kommune som forvaltar fondet.
- Det kan ikkje ytast støtte til verksemdar for å dekkje renter og avdrag på lån eller dagleg drift.
- Det bør ikkje ytast støtte til verksemdar som motteke store overføringar frå staten.

§ 4 Stønadsformer

Det kan ytast støtte i form av tilskott.

Kraftfondet bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det bli teikna kommunale aksjar, kan dei ikkje utgjera meir enn 30 %av aksjekapitalen i selskapet.

§ 5 Tilhøve til internasjonale forpliktelsar på støtteområdet

Bruken av kraftfondet må vera i samsvar med internasjonalt regelverk Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 6 Forvaltning

Rådmannen fastsett plassering i tråd med økonomireglement. Renter og avdrag blir tilført fondet. Forvaltningshonorar dekkjast av fondet.

§ 7 Styre

Kommunestyret vel etter innstilling frå Valnemnda eit fondsstyre på fem medlemmer og to vara medlemmar. Minst 2 av medlemmene som bli valde skal vera busette innanfor det geografiske verkeområdet og 3 av medlemmene vald frå formannskapet.

Valnemnda skal hente inn framlegg frå Møsstrond grunneigarlag og kjem med framlegg til leiar og nestleiar.

Styret bli oppnemnd for 4 år.

Fondsstyret utformar nærare reglar for tildeling og tildelar midlar, men kan i kurante saker delegere avgjerdsmynde til administrasjonen i Vinje kommune. Rådmannen førebur saker til styret og førar rekneskap.

§ 8 Årsmelding og rapporteringsplikt

Det skal kvar år leggjast fram ei årsmelding for kommunestyret. Kopi av denne skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 9 Godkjenning av vedtekter

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast til fylkeskommunen.